

# Stord Høgre program 2023-2027

## Stord på sitt beste - moglegheiter for alle

Stord kommune er ein vakker stad. Men det som gjer den så vakker er faktisk dei som bur og skaper verdiar her. Det er oss som bur her som kan ta tak i dei store og rike moglegheitene som styrkjer kommunen som eit inkluderande regionsenter i verdas vakraste region, Sunnhordland. Det er me som bur her som kjenner historia og styrken til Stord, moglegheitene og kva som må til for å skapa meir for å nå nye mål.

Stord kommune står overfor utfordringar knytte til aldrande befolkning, avhegigheten av aktiviteten i olje og gass, innbyggjarar som flyttar ut og rekrutteringa til helse og omsorgssektoren og til læraryrket. Dette krev ressursar og spesialisert omsorg, langsiktig planlegging, tiltak for å motverka fråflytting av innbyggjarar og rekruttering av kompetente fagfolk.

Stord Høgre meinar Stord Kommune har store moglegheiter og ubrukt potensiale. Me har teknologi og kompetanse i verdsklasse, ei eineståande plassering, med ein natur som tek pusten frå deg, og me har menneska som står klare til å løysa utfordringane både lokalt i kommunen, og ute i den store verda. For å lukkast må Stord Kommune bli flinkare til å seia JA! Slik at enkeltmenneske og verksemder får tillit til oss som kommune, og enkelt kan nå måla sine.

Stord Høgre ynskjer å ta leiarskap i kommunen og sikra at elevane på skulen opplever meistring og læringsglede, me vil støtta jobbskaparane, laga eit aldersvennlig samfunn og sørja for at innbyggjarane beheld meir av eiga inntekt.

### 1. Hjelp når du treng det

Stord kommune skal levera eit godt helse- og omsorgstilbod til alle aldersgrupper som har behov for dette. Dette skal gjerast gjennom redusert saksbehandling, ventetid og føreseieleg organisering. Stord Høgre ynskjer å skapa eit aldersvennleg samfunn, som gjer at folk kan vera aktive heile livet. Folkehelse famnar om livskvalitet, tryggleik, trivsel og gode og skal vera eit viktig satsingsområde og ein berebjelke. Stord Høgre vil styrkja verdiar som gjev enkeltmenneske og grupper betre høve til ansvar, deltaking, meistring og kontroll over eige liv. God folkehelse gjev ei betre psykisk helse og trivsel blant innbyggjarane.

Folk lever lenger i dag enn før og det er fantastisk. Denne demografiske endringa ynskjer me i Stord Høgre å vera i forkant av. Me har også større utfordring med einsemd og psykiske utfordringar. Dette gjer at me må tilpassa helsetenestene våre. Stord Høgre ynskjer at førebygging skal vera ein føresetnad for korleis me driftar tenestene innan helse og omsorg. Førebygging er betre og billegare enn behandling. Det gir både mindre menneskelege utfordringar og gir økonomisk gevinst. Eit godt folkehelsearbeid sikrar god psykisk helse og trivsel hjå menneske.

#### Eldreomsorg som ser den enkelte

Stord Høgre ynskjer å sikra valmoglegheiter som gir eldre fridom, verdighet og tryggleik i det tilbodet dei vel. Det å kunne velja mellom tenester og buformer er ein verdi i seg sjølv.

Å opna for konkurranse om kven som kan tilby ei best mogleg eldreomsorg, gir betre tenester og større tryggleik for mottakaren av tenestene. Det viktigaste er at kvaliteten på tenestene er god, ikkje kven som leverer tenestene.

Pårørande gjer ein uvurderleg innsats. For å ivareta og leggja til rette for pårørandebehov, er avlastning, medverknad og støtteordningar ein sentral del av kvalitativ eldreomsorg. Difor vil Stord Høgre utarbeida ein pårørandestrategi.

### **For å få ein eldreomsorg som verdset den enkelte vil Stord Høgre:**

- Byggja 64 nye sjukeheimspllassar som skal stå ferdige i 2026, og at drifta av heile eller delar av ny sjukeheim skal konkurranseutsetjast.
- Styrkja aktivitets- og kulturtildot på institusjonar gjennom å oppretta 100%-stilling som aktivitør. I samarbeid med Frivillighetssentralen skal ein nytta kompetansen til lag og organisasjonar som blant anna Stord Fitjar Demensforeining, eldrerådet og Røde Kors.
- At maten på sjukeheimane har høg kvalitet og er smakfull uavhengig av om han vert kjøpt av leverandørar eller laga i kommunal regi. Dette både for å førebyggja underernærings- og sikra trivsel under måltida.
- Innføra fritt brukarval for heimebaserte tenester slik at både kommunen og private kan levera tenester til innbyggjarane våre. Den kommunale heimebaserte tenesta skal ikkje konkurranseutsetjast.
- At kommunale omsorgsbustader er funksjonelle, har høg kvalitet og at innføring av smart omsorgsteknologi i helsetenestene vert vidareført.
- At kommunen skal ha tenesteinnovasjon innan helse og omsorg som eit viktig satsingsområde.
- Halda fram med, og betra, førebyggjande heimebesøk der ein også vurderer framtidig busituasjon.
- Tilretteleggja for samarbeid mellom kommunen og investorar, for at eldre kan kjøpa/leiga funksjonelle leilegheiter. Gjerne med servicetilbod og fellesareal, som kan gi ein trygg og sosial kvar dag.
- Styrkja tilboden for rehabilitering for å sikra at eldre kan halda fra med å vera mobile og får høve til å klara seg sjølv.
- Videreutvikla tilboda for personar med demens som bur heime, og avlasting for deira pårørande. Som til dømes dagtilboden i Blåbygget, middag for eldre i Leirvikstova og å prøva ut tilbod om avlasting på kveld og helg.
- Sikra at tilsette i helse- og omsorgstenesta kontinuerleg får moglegheit til kompetanseheving innan sjukdomar som til dømes demens.
- Lage ein Pårørande strategi som skal sikra at dei vert høyrde og som samstundes sikrar openheit om kvalitet og innhald i helse- og omsorgstenestene.

### **Psykisk helse**

Altfor mange menneske vert råka av psykisk sjukdom og får ikkje hjelp når ein treng det. Kommunane har ansvar for behandling av lette til moderate psykiske plager. Då må me setja av ressursar til dette, for å unngå at menneske får eit livslangt utanforskap frå samfunnet. Me lyt difor snu kvar ein stein for å søkja løysingar som gjev resultat.

### **For å betra den psykiske helsa vil Stord Høgre:**

- At Stord kommune aleine, eller gjennom eit interkommunalt samarbeid, skal tilby lågterskeltildot til menneske som slit psykisk, for å førebyggja og sikra rask hjelp.
- Jobba for å oppretta eit fontenehus i Stord kommune i samarbeid med Fontenehus Norge.
- Støtta gjennomføring av aktivitetar gjennom Frisklivsentralen, frivillige og ideelle organisasjonar.
- Auka talet på helsejukepleiarar i Stord kommune med ein 100%-stilling. Dette, for at dei skal ha kapasitet til å jobba med lågterskeltildot innanfor psykisk helse for barn og unge

både i barnehage og grunnskule. Tidleg innsats, kombinert med oppfølging av dei som er i risikogruppene, er avgjerande for å førebyggja psykisk uhelse.

### Barn, unge og familie

Alle fortener ein god barndom på Stord. Det å meistre foreldrerolla og familieliv kan vera gjevande, men også svært krevjande. Det å stimulere til sunn utvikling og god psykisk helse hjå born er noko me treng kunnskap om. Å skapa gode heimar med god kommunikasjon vil kunne vera ein beskyttande faktor for borna og familien gjennom heile livet.

#### For å leggje til rette for eit godt familieliv vil Stord Høgre:

- Auka støtte til foreldrerettleiingskurs slik at fleire barnefamiliar på Stord kan nytta seg av tilbodet.
- Vidareutvikla eit godt tilbod for familie- og samlivskurs i kommunen.
- Styrke rettleiinga til foreldre og føresette med fokus på rus og nettvett. Dette for å førebygge og redusere rusbruken blant ungdom på Stord samt hindre utanforskap og mobbing.

### Dei tilsette er grunnmuren vår

Stord Høgre ynskjer at kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsplass for menneske med helseutdanning. Rekruttering av helsepersonell er ei utfordring for alle tenester innan helse og omsorg. Dette er noko me som kommune må jobba aktivt med.

#### For å betra tilhøva til våre tilsette innan helse og omsorg vil Stord Høgre:

- Betre arbeidsmiljø og byggja vidare på heiltidskultur.
- At arbeidet innan helse og omsorg har kontinuitet, tryggleik og kvalitet.
- At Stord kommune er attraktiv som arbeidsgjevar.
- At fleire av våre fast tilsette tek vidareutdanning eller fagbrev med økonomisk støtte til vidareutdanning med bindingstid til Stord kommune.
- At Stord kommune i mykje større grad skal vere ein attraktiv stad for lærlingar innan helse og omsorg.
- Auke grunnbemanninga for å betra arbeidssituasjon, kunne tilrettelegge for nok tid til tjenestemottakaren og pasientane samt redusere sjukefråver.
- Stimuleringstiltak som sikrar at alle innbyggjarane i Stord kommune har tilgang til fastlegar privat eller offentleg.

### Ein human rusomsorg

For å unngå at unge blir avhengige av rusmidlar må førebyggande arbeid vere utgangspunktet for all ruspolitikk. Det krev innsats der alle bidreg. Å leve med rusavhengigheit er utfordrande, både for den som er avhengig og dei pårørande. For dei som lever med rusmisbruk, skal kommunen tilby omsorg og moglegheiter. Tjenestene skal samordnast for å gi eit best mogleg tilbod. Kommunen skal vere ein pådrivar for at rusavhengige blir møtt med respekt, hjelp og behandling.

#### For å skape ein human rusomsorg vil Stord Høgre:

- Gjennomføre ein lokal rusreform på Stord, med hovedvekt på tidleg innsats og helsehjelp i staden for straff
- Sikre langt tettare oppfølging av unge som prøver rus, og gi betre tilgang på helsehjelp
- Betre tilbodet til personar med rusproblem gjennom Maris og Kirkens Bymisjon, samt Havna kontaktsenter som ein verdifull sosial møtestad.

- Styrke ettervernet for å sørge for at den som har vorten rusfri har meningsfulle dagar i form av skule, arbeidspraksis eller jobb, i samarbeid med ulike private og ideelle
- Forbetre tilbodet til personer med psykiske lidningar og rusproblem gjennom samarbeid mellom offentleg, privat og ideelle organisasjoner.
- At helsejukepleiarane også har tid og kapasitet til å jobbe med tilbod innan rusførebygging retta mot ungdommar.
- Stimulera til auka bruk av behandlingsplassar for å få fleire ut av rusavhengigkeit.

### Folkehelse for alle

Folkehelse handlar om korleis me alle har det; god helse, meistring, trivsel og livskvalitet. God folkehelse førebyggjer fysisk og psykisk sjukdom.

#### For å betre folkehelsa vil Stord Høgre:

- Styrkja samarbeidet mellom det offentlege, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar for å førebygge einsemd og kunne tilby lågterskeltilbod.
- Leggja til rette for gode turopplingar i naturen, til dømes gjennom dugnadsgjengar som held vedlike turløyper og gapahuker.
- Vidareutvikla Frisklivssentralen som kompetansesenter, for å gi personar og grupper hjelp til å endre helseåtferd
- Ha funksjonelle og attraktive symje- og idrettsanlegg, som er tilrettelagde for alle aldersgrupper.

## 2. Ein skule med meistring og læringsglede

Stord Høgre meiner at kunnskap og kompetanse i skulen er noko av det viktigaste me kan gje våre born og ungdommar. Alle elevar i Stordskulen skal få like høve til å oppleva meistring og læringsglede. Dette vil gje best mogleg grunnlag for å møta livet som vaksne. Elevar skal verta møtte av gode lærarar som møter dei på deira nivå og gir moglegheit for meistring i skulen. Skulane skal til ei kvar tid jobba for at kommunen har gode psykososiale læringsmiljø.

Stord Høgre arbeider for at born og unge skal få utvikla seg i eit oppvekstmiljø prega av inkludering og mangfold. Desse verdiane skal vera grunnleggjande i barnehage, skule, SFO og på fritida. Stord kommune har nulltoleranse for mobbing og skal til ei kvar tid jobba med tiltak innanfor dette.

#### For å skape ein trygg oppvekst vil Stord Høgre:

- Sikra kunnskapsskulen gjennom å behalda og tilsetja utdanna lærarar.
- Samarbeida tett med Høgskulen på Vestlandet campus Stord, og velja dei som samarbeidspartnerar for Stord kommune der det er mogleg.
- Tilretteleggja barnehageopptaket slik at tilflyttande småbornsfamiliar kan ta imot jobbtilbod i kommunen.
- Auke talet på lærlingar i barnehagar og grunnskular.
- Auka talet på helsejukepleiarar i Stord kommune med ein 100%-stilling.
- Oppgradera barneskulane med uteområdet for å fremja aktivitet og leik.
- Redusera byråkrati i skulen slik at lærarane kan prioritera undervisning og oppfølging av elevane,
- tilsetja miljøterapeut på alle ungdomskulane for å betra den psykiske helsa og skuletrivesel med mål om betre meistring og sjølvkjensle.

- Gi alle tilsette i oppvekstsektoren opplæring i Stord kommune sin plan mot vald og trugsmål. Tilsette som vert utsett for vald og trugsmål må få tett oppfølging og støtte i ettertid.
- Laga ein ny strategi for lærerlyst og læreglede, og etablera ein kunnskapsbank for lærarar om korleis skapa meir læreglede
- Sikra at alle barn skal kunne lesa, skriva og rekna godt nok når dei går ut av grunnskulen.
- Satsa på tidleg innsats i byrjinga av skuleløpet for å fanga opp elevar som treng meir støtte.
- Forsterka innsatsen mot mobbing, vald, trakassering og diskriminering i skule og barnehage.
- Ha nulltoleranse mot mobbing, stilla krav til at alle skular og barnehagar har ein plan for å motverka mobbing, og innføra hovudregel om at det er den som mobbar som skal bytta skule – ikkje eleven som vert mobba.
- Sertifisera alle grunnskular som dysleksivenlege skular
- Pilottesta filming av munnleg tentamen og eksamen for å sikra elevane betre klagemoglegheit.
- Sikra at skular og barnehagar har den nødvendige kompetansen om seksuelle overgrep og vald for betre å kunna identifisera teikn på dette
- Oppgradera delar av Leirvik skule slik at tilhøva for både lærarar og elevar blir betra.
- Realisera ny hall ved Langeland skule for å gi plass til fleire klasserom som vil betra tilhøva for lærar og elevar.
- Evaluera bruken og plassering av planleggingsdagar.
- Tilby ekstra oppfølging til og ha faste rutinar for føresette som ikkje møter på føresettemøter og utviklingssamtalar.
- Sikra at elevane framleis har tilgang til fysiske lærebøker, i tillegg til digitale læremiddel.
- Innføra ein hovudregel om mobilforbod i Stordskulen, men at læraren har høve til å gjera unntak til mellom anna undervisningsformål
- Gjennomføra ungdomsskulereformen for å auka læring, trivsel og motivasjon
- At kommunen bidreg til at fleire vel yrkesfag som utdanningsveg.
- Byggja eit tettare samarbeid mellom næringslivet og grunnskulen gjennom Newton-rom og UngTekno.

### **3. Den klimavennlige kommunen**

Stord Høgre vil jobba for at Stord skal bli ein nullutsleppskommune, med ressursbruk som tek vare på det biologiske mangfaldet. Vår tilnærming i miljø- og klimapolitikken er kunnskapsbasert og teknologioptimistisk. Stord Høgre vil bruka marknaden og positive verkemiddel som motiverer til klimavenlege val, ikkje berre reguleringar og forbod. Det skal løna seg å ikkje forureina! Vårt mål er at vi kan levera kommunen vidare til våre barn og barnebarn i endå betre stand enn han er i dag.

#### **For å skapa ein klimavenlig kommune vil Stord Høgre:**

- Utarbeida ein konkret plan for korleis ein skal kutta utslepp i Stord kommune
- Erstattar alle kommunale fossilbilar - målet er berre elektriske bilar i 2025.
- Auka tal ladestasjonar i kommunen samt jobba for fleire lynladestasjonar på Stord
- Sikra at nye offentlege bygg er energieffektive og tilpassa nye klimakrav, tilsvarande plusshus. Vurdera alternative fornybare energikjelder som solenergi i nye og eldre offentlege bygg.

- Ha solcellepanel, grøne tak og eller insekthotell på nye kommunale bygg og stilla miljøkrav til nye bustadar og næringsbygg.
- Redusera klimagassutslepp i eksisterande offentlege bygg og anlegg
- Bruke eigarmakta i SIM til å halvera matsvinnet på Stord innan 2030 og styrkja samarbeidet med næringslivet om reduksjon av matsvinn
- Bruka eigarmakta i SIM til å ta i bruk ny teknologi som til dømes hydrogen ved transport av avfall
- Still miljøkrav i offentlege innkjøp for å stimulera til eit grønt skifte i næringslivet og at miljøkrav skal utgjera 40% av evalueringa.
- Jobba for «grøne hamner» med ladestruktur og returpunkt for kloakk og avfall
- Innføra fysiske barrierar ved oppgradering av kunstgrasbanane for å hindra spreying av gummigranulat.
- Dispensera for utbygging av dyrka mark der det vert kompensert med nydyrkning i tilsvarende storleik.
- Forsterka arbeidet mot unødvendig plastbruk og marin forsøpling, mellom anna gjennom å sikra nok bosspenn langs sjøkanten og turløyper og redusera bruk av plast i kommunale tenester.
- Auka engasjementet blant innbyggjarar og i grunnskulen, gjennom tettare samarbeid med næringsliv, bærekraftsvekene og HVL.
- Ha gode kost-nytte-vurderingar knytte til nye klimatiltak
- Bruka «klimasats» aktivt for å skaffa finansiering til klimatiltak i kommunen

## **4. På lag med næringslivet**

Stord kommune skal vere ein «JA-kommune» og møta nye idéar og utfordringar med eit ope sinn. Eit moderne og framtidsretta samfunn er tufta på ein positiv kommune som er løysingsorientert i møte med innbyggjarar og næringsliv.

Stord kommune skal vera i front for tilrettelegging av nye, varige arbeidsplassar og skal vera ein positiv samarbeidspartner for næringslivet. Dette krev at kommunen blant anna er ein god rettleiar og tilretteleggar for gode næringsareal.

### **For å skapa fleire bærekraftige arbeidsplassar vil Stord Høgre:**

- Gjera Stord til ein JA-kommune som forenklar og betrar kvardagen for lokalt næringsliv.
- Arbeida opp mot staten for å sikra petroleumsnæringa stabile og føreseielege rammevilkår.
- Styrkja Stord sin posisjon som reiselivsdestinasjon, til dømes gjennom Geopark Sunnhordland.
- Ha sterkare satsing på bærekraftig vekst i dei marine næringane, ved mellom anna å greia ut potensielle havbrukslokasjonar rundt Stord.
- Jobba for å vidareføra havbruksfondet, og at Stord kvalifiserer for større del av fondet.
- Jobba aktivt for å etablera Stord og Sunnhordland som ein nasjonal hub for statleg og regional offentleg oppgåveløysing.
- Bevara eit bærekraftig og konkurransedyktig landbruk i Stord, leggja til rette for fornuftig bruk av naturressursane, samt styrkja bonden sin råderett over eige areal.
- Sørgja for at bedriftene kan utnytta det ressursgrunnlaget og den kompetansen me har til vekst i eksisterande og ny industri

- Leggja til rette for gründerskap, innovasjon, utvikling og omstilling i næringslivet. Stord kommune skal ha ei aktiv rolle i dette arbeidet og vil i perioden sikra overføringer til Atheno AS.
- Ha tettare oppfølging av alle pågåande regulering- og kommuneplanar for å sikra framdrift, samt ha gode prosessar som sikrar areal og infrastruktur.
- Auka kompetansen på næringsutvikling som eit viktig fagområde i kommunen, med blant anna raskare og auka kapasitet på byggjesakshandsaminga.
- Etablera ei arbeidsgruppe som skal sikra samspelet med næringslivet
- Skapa ytterlegare aktivitet ved å sikra areal for industri og næring ved mellom anna Eldøyane, Heiane Sør, Huglo, Grunnavågen, Tømmervik og Sør Stokken
- Arbeida opp mot nasjonale styresmakter og sentrale aktørar for å sikra regionen tilstrekkeleg og trygg kraftforsyning til beste for næringsliv og innbyggjarar.
- Jobba for etablering av gjenvinningsanlegg for plast i regionen.
- Leggja til rette for utvinning av grøn hydrogen og satsa på Stord som hovudkontor for private aktørar.
- Posisjonera Stord og Sunnhordland som ein attraktiv lokasjon for produksjon av offshore havvind.
- I saman med Sunnhordlandsrådet greia ut moglegheitane for modulært kjernekraftverk lokalisert til regionen.

## 5. Samferdsle og regionsutvikling

Transporttilbodet skal medverka til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar. Regionsenter skal vera lokomotiv i livskraftige regionar. Stord Høgre vil at kommunen i større grad skal ta på seg denne rolla.

### Samferdsle

**Samferdsle er ein viktig innsatsfaktor for å utvikla regionen Sunnhordland, derfor vil Stord Høgre:**

- Realisera ferjefritt E39 gjennom Hordfastprosjektet snarast mogleg
- Avklara trasé for E39 Heiane – Ådland, dette for å skilja mellom gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk, og ta omsyn til turvegar og natur
- Redusera gjennomgangstrafikken igjennom sentrum ved å etablera Tverrsambandet øvre Sæ/ Ådland.
- Byggja ny kollektivterminal, parkeringshus og næringsareal i samarbeid med fylket.
- At Sunnhordland skal vera ferjefritt med realisering av Sunnfast.
- Ferdigstilling av sykkel- og gangsti frå E39 langs fylkesvegen over til Litlabø.
- Etablera nytt og utbetra fortau på Utslettvegen/Åsamyrvegen.
- At flyruta Stord-Oslo vert lyst ut som ei statleg FOT-rute frå 2024.
- Jobba for nye kommersielle ruter imellom Stord, Florø og Trondheim.
- Greia ut positive og negative konsekvensar ved å flytta offshore helikoptertrafikk frå Bergen til Stord.
- Ha mål om at Stord Lufthamn skal nyttast til elektriske fly innan 2028.
- Ha tryggare skulevegar gjennom auka utbygging av gang- og sykkelvegar.
- Krevja høgare statlege løvningar til vegføremål.
- Ei forbetring av kollektivtilbodet i kommunen, gjennom til dømes ein egen buss som hentar deg der du er og kjører deg der du skal, innanfor ein eigen avgrensa sone til same pris som ordinære busser.
- Jobba for å redusera forskotsbeløpet på Autopass fergekort.

## Sunnhordland, framtidsretta region

### For å viderutvikle Sunnhordlans regionen vil Stord Høgre:

- Styrkja Stord sin posisjon som regionsenteret i Sunnhordland gjennom eit rausare samarbeid med Sunnhordlandkommunane og framheva den enkelte kommune sine fortrinn
- At Stord kommune skal vera vertskommune for ein attraktiv vidaregåande skule som tek vare på regionen sitt behov for høg kvalitet på vidaregåande utdanning
- Oppretthalda tilbodet ved Stord sjukehus som eit fullverdig lokalsjukehus med særleg fokus på akuttmottak og fødeavdelinga
- At kommunen jobbar for ei positiv utvikling for Høgskulen på Vestlandet, gjennom å leggja til rette for areal til studentbustadar og samlingsplassar
- At jordskifterett og tingretten skal samlokalisera i same bygg for å ivareta juridisk kompetanse sentralt i regionen
- Skapa utvikling og etablering av ny næring i regionen vår, og vera pådriver for etablering av ein strategisk næringsplan for Stord og Sunnhordlandsregionen.
- Jobba for samanslåing mellom Stord og Fitjar kommunar for å sikra éin sterk og offensiv kommune.
- Støtta tiltak som Bu I Sunnhordland for å få unge til å etablera seg på Stord og i Sunnhordland.

## 6. Idrett, kultur, frivilligheit og livssyn

Idrett, kultur og friluftsliv er ein viktig arena for sosialisering og læring, og ein arena der ein utviklar både fysiske-, psykiske- og mentale ferdigheiter. Desse arenaene skaper tilhørsle, fellesskapskjensle, samhald og livslange venskapsband. Alle barn, unge og vaksne skal få moglegheit til å oppleva meistring og glede.

Kommunen må leggja til rette for idrett, kultur og frivillig aktivitet gjennom å spela på lag med idrettslaga. Dette gjelder alle nivå i kommunen, heilt fra rådmann og kommunalsjefar til prosjektleiarar og andre tilsette i kommunen. Idrettsleiarane, kulturleiarane og leiarar innan friluftsliv kan då bruka all sin energi på det dei verkeleg kan, å skapa glede for barn, unge og eldre.

Stord kommune kan vere stolt av at ein har to vakre og gode kyrkjer i kommunen. Det er viktig når ein først har drift i kyrkjene, at desse blir vedlikehaldne og at dei kan brukast av alle. I tillegg er det viktig at me har tilgjengelege lokale for menneske med andre livssyn.

### For å skape eit livskraftig samfunn vil Stord Høgre:

#### Idrett

- At Idrettslaga skal ha gratis hall-leige i kommunale bygg. Dagens leigesatsar skal trappast ned til 0 kroner innan 2027.
- At Rackethall vert erstatta med dobbelthall på Vikahaugane sportssenter.
- Redusera kostnadane som idrettslaga betaler til kommunen.
- Oppgradera og drenera naturgrasbana på Vikahaugane.
- Behandla "Strategi for arealdisponering på Vikahaugane", som ein eigen vedteken strategi for kommunen som legg til rette for nytt badeanlegg på Vikahaugane.
- Støtta prosjekt som idrettslag og andre frivillige organisasjonar set i gang for å inkludera fleire i idretten.

- Vera med å sikra utvikling av e-sport
- At Stord kommune saman med idrettslaga skal sikra at våre idrettsanlegg er attraktive arenaer for fysisk fostring.
- Samarbeida med Idrettsrådet om påbegynte prosjekt og prioritering av nye framtidige prosjekt
- Støtta opp om drift av ski- og lysløyper
- Etablira eit fritidskort for barn og ungdom mellom 6 - 18 år, først for born som ikkje deltek i fritidsaktivitetar grunna familien sin økonomiske situasjon.
- Rullera Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2015 – 2025.
- Støtta arbeidet med å få etablert område for motorsport.

## Kultur

- Sikra drifta av dei lokale fritidsklubbane.
- Leggja til rette for at kulturlivet blomstrar, til dels gjennom å tilby lokale til artistar og utøvande kunstnarar som er i startgropa av karrieren.
- Ta vare på og utvikla gruveområdet på Litlabø
- Støtta arrangement som er samlande og viktige for Stord, som til dømes «100 dagar» og «Fest i Vest»
- Ta særskild vare på kulturhistoriske område i kommunen, til dømes musea våre som er viktige kompetanse- og kunnskapsformidlarar.
- Ta vare på lokal kystkultur slik at den kan førast vidare til nye generasjonar ved å støtta opp om arbeidet til Stord Maritime Museum.

## Frivilligkeit og livssyn

- Gi tilskudd til frivillig arbeid, bl.a dekka transport for 8. klasse "Topp 8" til Storafjellet.
- Registrera fysisk aktivitet, ved å punktmåla passeringar på turvegar på Stord, slik Bømlo har gjort med sine 15 målepunkt.
- Utarbeida ein frivillegstrategi.
- Leggja til rette for at frivillige lag og organisasjonar kan gjera seg meir nytte av offentlege bygg.
- Leggja til rette for fleire treffpunkt og møteplassar mellom generasjonar.
- Vidareutvikla det gode samarbeidet mellom Stord kommune og idrett, kultur og frivillige lag og organisasjonar gjennom halvårlege dialog- og innspelsmøter.
- Sikra at kyrkjelege bygg, uteområde og gravplassar vert godt vedlikehaldne.
- Laga nærmiljøanlegg/møteplassar for uorganisert kultur og fysisk fostring.
- Realisera plan for betre parkeringshøve ved Heio og utbetring av veg til Storafjellet.
- Etablira ny turveg rundt Storavatnet med tilknyting til Sagvåg sentrum.
- Etablere en digital infrastruktur som sikrar at menneske møtes og bidrar i fellesskap, som for eksempel «Friskus.no».

## 7. Byutvikling og ein framtdsretta kommune

Stord kommune skal vera ein god kommune å bu i heile livet. Høgre vil gi alle høve til eit godt liv med fridom til å ta eigne val, der ansvar og respekt for andre menneske står i fokus.

For at me skal kunna levera gode kommunale tenester treng me trygge arbeidsplassar som gjer at folk også framover ynskjer å busetja seg i Stord. Høgre vil arbeida for at både næringsliv og arbeidstakrar får gode utviklingskår i Stord.

Kommuneadministrasjonen skal vera tilgjengeleg og brukarvennleg der enkeltmenneske sine behov og valfridom står i sentrum. Høgre vil arbeida for god økonomisk styring som gir tryggleik for gode tenester på kort sikt, men også føreseielegeheit og fleksibilitet for det lange løpet.

## Framtidsretta kommune

### For å skapa ein framtidsretta kommune med god byutvikling vil Stord Høgre:

- Ha trygg drift og høg kvalitet på tenestene til innbyggjarane.
- Skapa eit samfunn som tek vare på alle innbyggjarane gjennom heile livet ved å gi gode oppvekstvilkår og god eldreomsorg.
- Jobba for at Stord kommune skal bli ein «heilt med» kommune som skal bidra til mangfald og inkludering.
- Videreutvikla Sæbø gard og Podlen verkstad som viktig aktivitet og arbeidstilbod til menneske med utviklingshemming
- Konkurranseutsetja pensjonsordninga i kommunen utan konsekvensar for dei tilsette sin pensjon.
- Sikra drifta av dei lokale fritidsklubbane inkludert måndag- og onsdagsklubben, samt greia ut mogleikane for fritidsklubar i området Leirvik og Rommetveit
- At kommunen skal ta vare på og vidareutvikla dei gode barne- og ungdomstilboda som er i dag.
- Føra ein ansvarleg politikk som gir økonomisk handlingsrom for framtidige generasjoner.
- Prioritera investeringar og fokusera på både alternativ til utforming og gjennomføring av investeringsprosjekt for å redusera den langsiktige gjelda.
- At nye investeringar og reinvesteringar har fokus på å redusera driftskostnader.
- Ha som mål om å avvikla eigedomskatten dei neste åra. Inntil den er avvikla skal ein ha som mål at eigedomsskatt berre nyttast som eigenkapital i nye investeringar og ikkje til driftsutgifter (inkludert renter og avdrag).
- Opna for breitt samarbeid med private tilbydarar og lag og organisasjonar i tenesteleveransen (bustad, tilsyn, praktiske oppgåver mellom anna).
- Vurdera form på anbod ved innkjøp og ved investering for å optimalisere kostnadene opp mot nytte.
- Innføra brukarundersøkingar for å gjera det enklare for innbyggjarane og bedriftar å seia ifrå om positive og negative erfaringar
- Ha kontinuerleg fokus på sjukefråveret og den gevinsten ein får direkte tilbake til tenestene ved at sjukefråveret går ned.
- Etablira kvartalsvis rapportering av pågåande reguleringsplan- og byggesakshandsaming.
- For å ivareta fritidsinteresser samstundes som me sikrar vidare næringsaktivitet vil Høgre vurdera å skilja Stord Hamn ut i eige aksjeselskap. Eit aksjeselskap vil ha eit styre med kompetanse for ei målretta utvikling og ivaretaking av innbyggjarane sine interesser.

## Byutvikling

- Vera pådrivar for etablering av nye bustadmønster og bustadbygging også i Sagvåg og Nordbygdo. Dette gir valfridom og eit meir aldersvenleg samfunn.
- Spesielt fokusera på realisering av reguleringsplanane for Hystadgardane og Almås innmark.
- Etablera ny gangveg imellom Valvatna/Almås til Nysæter området via Fletaneset eller Knurrøya.
- Greia ut flytting av biblioteket til sentrumskjerna med tilhøyrande kafé og lesesal, og husa heile kulturskulen i Kulturhuset.
- Realisera dei viktigaste delane av byromsstrategien, som t.d. eit eige bygg på torget med offentleg toalett og bodplassar samt aktivitetsområdet på kaia.
- Jobba videre med realisering av Ytre molo ved Vikafle og ny molo ved Storddøra for å betra kaiplass til store skip og båtar.

### Kommunale avgifter

- Vera ein pådrivar for å finna kostandseffektive løysingar i vatn og avløps-prosjekta og leggja til rette for tett prosjektoppfølging.
- Arbeideafor å endre sjøvkostmodellen og avskrivningstida på vatn og avløps-investeringar for å redusera gebyrutviklinga.
- Endre anbodsprosessen for vatn- og avløps-prosjekt for å driva ned kostnadene og få fram dei mest optimale løysningane.
- Arbeida opp mot Stortinget og regjeringa for å lempa på lovpålagte krav som synest å vera lite hensiktmessige.